



NOTAT

Utvida bandtvang med heimel i hundelova

I samband med dei nylege endringane hundelova, vart det uttrykt trøng for ein rettleiar som kan bidra til likare praktisering og tolking av kommunane sine forskriftsheimlar.

Hundelova gir reglar om sikring av hund ved band, inngjering eller forsvarleg innestenging. I daglegtale kortar vi det gjerne ned og nytter omgrepet bandtvang.

Kommunane kan lage eiga forskrift om utvida bandtvang. Det må i tilfelle skje etter ei vurdering av om det er reell trøng for lokale reglar.

Viss kommunen vil lage ei slik forskrift, må han halde seg innafor dei rammene § 6 i hundelova set.

Mange kommunar har alt laga forskrift om utvida bandtvang. Vi oppmodar dei dette gjeld om å vurdere i kva grad eksisterande forskrift treng ei oppdatering.

Den generelle regelen om bandtvang

§ 6 første ledd fastset at det er bandtvang i tida frå og med 1. april til og med 20. august. Dette er ein generell regel som gjeld heile landet. (Det er nokre unntak frå reglane om sikring i § 9. Vi kjem tilbake til desse under.) Det er berre viss kommunen meiner det er behov for bandtvang ut over denne generelle regelen, at ein treng å lage eiga forskrift.

Forskrift med heimel i § 6 andre og tredje ledd

I § 6 andre ledd er det lista opp seks område eller situasjonar der kommunane har mynde til å gi reglar om utvida bandtvang.

Kommunen kan gi forskrift om at hunder skal holdes i bånd eller forsvarlig innestengt eller inngjerdet

- a. i og i tilknytning til boligområder og handleområder,*
- b. i parker, på gravplasser, på og ved skoler, barnehager og anlegg for lek, idrett, sport eller rekreasjon,*
- c. på og ved bestemt/angitte turstier, turveier, merkede skiløyper, leir- og rasteplasser,*
- d. i bestemt angitte andre områder på land, i vann eller sjø som er allment benyttet som tur- og rekreasjonsområder,*



- e. i hele eller deler av kommunen i bestemt angitt tidsrom når husdyr normalt går ute, eller
- f. under ekstraordinære forhold som gjør båndtvang påkrevd for å beskytte viltet.

§ 6 tredje ledd set visse grenser for kommunane sitt handlingsrom etter andre ledd.

Båndtvang etter bokstav c og d kan ikke fastsettes i større grad enn nødvendig og slik at hensynet til de som ønsker å ferdes med løs hund også ivaretas i tilstrekkelig grad, både hva angår omfang og geografisk spredning. Båndtvang etter annet ledd bokstav e og f kan bare innføres i de områder av kommunen hvor husdyr har rett til å beite og faktisk beiter, eller hvor vilt man ønsker å beskytte har sitt leveområde. Båndtvang fastsatt i medhold av annet ledd bokstav f må opphøre straks forholdene tilsier det. Der beite, natur- og rekreasjonsområder berører flere kommuner, bør disse samordne sine forskrifter. Kommunens innføring av båndtvang etter bokstav f kan påklages til statsforvalteren

Føremålet med tredje ledd er å hindre at bandtvang blir nyttet i større grad enn det som er naudsynt. Kommunen må vege trøngen for sikring opp i mot omsynet til hundar og eigarane deira.

For det første må ein halde seg innom dei områda som er lista opp i andre ledd. Vidare må forskrifter vere i samsvar med tredje ledd.

For å redusere tvil og diskusjon om kor og når det er bandtvang, bør forskrifter vere så presis og konkret som mogeleg. Det er til dømes mogeleg å nytte kart som vedlegg til forskrifter.

Sjå og at avgrensinga i tredje ledd gjeld bokstavane c til f.

Under har vi prøvd å seie noko meir om kva rammer lova set for det einskilde alternativ i § 6 andre og tredje ledd.

- a. Bokstav a gir kommunen mynde til å fastsetje utvida bandtvang i områder med fast busetting. Det gjeld uansett om det er tettbygd område eller område med meir spreidd busetting. Til dømes er busetting i områder med landbruk omfatta. Vidare gjeld bokstaven handleområder. Det vil typisk vere butikksenter eller kjøpesenter. Bokstav a gjeld på den andre sida ikkje områder som er regulert til næringsverksemd. Ei forskrift etter bokstav a kan ikkje gjelde områder med berre hytter. Her kan bokstav d eller e vere aktuell heimel.
- b. Bandtvang kan gjelde eit eller fleire av alternativa i bokstav b. Det kan og gjelde til dømes ein barnehage der hundar som går laus har vore eit særleg problem. Bandtvang etter dette alternativet gjeld berre direkte i nærlieken av skulen, barnehagen, leikeparken og så bortetter. Kommunen kan vurdere å konkretisere i kva omkrins bandtvangen skal gjelde.
- c. Ein kan ikkje bestemme bandtvang for alle turvegar, stiar, skiløyper eller rastepllassar under eitt. Forskrifta må spesifisere kva stiar, løyper eller rastepllassar bandtvangen gjeld. I tillegg må strekningane det gjeld gå fram. Kommunen kan i prinsippet ha bandtvang på alle stiar, skiløyper og rastepllassar. I tilfelle må alle vere individuelt spesifisert. Vi minner om at trøngen for bandtvang skal vere vurdert konkret og individuelt for kvar strekning. Det må vere eit særskild og reelt behov for bandtvang. Det same gjeld også for bokstav d.



- d. Med heimel i bokstav d kan bandtvang innførast og utanom alminnelege ferdsselsårer. Forskrifta må fastsetje konkret kva område bandtvangen skal gjelde for. Det er ikkje høve til å fastsetje ei generell forskrift for alle slike områder. Det kan gjerne nyttast kart som vedlegg til forskrifta.
- e. Føresegna skal berre fange opp den ordinære beitesesongen. Den kan ikkje strekkjast så langt at den omfattar alle tidspunkt då nokre dyr unnataksvis går på beite.
- f. Alternativet tek særleg sikte på situasjonar med ekstraordinært mykje snø. Her kan kommunen nyttast av framgangsmåtar. Ein kan enten lage ei eiga forskrift om situasjonen oppstår. Eller ein kan lage ei generell forskrift som konkret beskriv den/dei situasjonane som reknast som ekstraordinære, og vidare seie at når det skjer så skal forskrifta gjelde. Bandtvang etter dette alternativet skal slutte å gjelde straks dei tilhøva som grunngjev forskrifta endrar seg.

Forskrift med heimel i § 6 fjerde ledd

«Kommunen kan gi forskrift om at hunder ikke har adgang til barnehager, skolegårder eller gravplasser.»

Dei restriktive retningslinene i tredje ledd gjeld ikkje for fjerde ledd. Forskrift i medhald av fjerde ledd kan, hvis kommunen meiner det er trond for det, innførast generelt i kommunen. Her er det som ein ser ikkje tale om bandtvang eller anna sikring, men heilt å forby tilgjenge for hundar.

Unntaka i § 9

Paragrafen listar opp ein del unntak frå regelen om alminneleg bandtvang eller utvida bandtvang vedteken av kommunane. Unntaka gjeld til dømes politi-, rednings- og førarhundar. Kommunane har ikkje heimel for å gjere unntak frå § 9.

Vi ser at nokre kommunar heilt eller delvis har referert unntaka i hundelova § 9. Det er ikkje sikkert ein bør gjere det. Viss det til dømes er avvik mellom lovtekst og forskrift, vil lova gjelde framfor forskrifta. Vi kan vere ganske sikre på at ikkje alle veit at det er slik. Ein del vil kanskje ikkje sjå at det ikkje er samsvar, og rette seg etter det som står forskrifta. Då kan oppstå tvil og mistydingar. Viss kommunen vil at unntaka skal kome fram for samanhengen si skuld, tilrår vi at ein heller viser til lovteksten i § 9.

Mynde og delegering

Kommunestyret har mynde til å gje forskrift etter andre og tredje ledd. Kommunestyret kan likevel delegera mynde til anna organ i kommunen i samsvar med reglane i kommunelova.

Høyring

Før forskrift vert vedteke, må eit forslag ha vore på høyring. Høyring skal skje etter reglane i forvaltningslova kapittel VII. Unnlat høyring etter forvaltningslova § 37 fjerde ledd, kan vere aktuelt for ekstraordinær bandtvang etter bokstav f.



Aktuelle høyringsinstansar kan til dømes vere grunneigarlag, lokale landbruksorganisasjonar, hundeorganisasjonar, jegerforeiningar, turlag, velforeiningar, politiet og kommunens kyrkjeleg fellesråd.

Vidar Vassenden

seniorrådgjevar